



Sunnfjord
kommune



Planstrategi for Sunnfjord kommune 2020 - 2023

Innhold


Planstrategi for Sunnfjord kommune 2020 - 2023	1
1 Innleiing	3
1.1 Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet	3
1.2 Dei ulike plantypene	4
1.2.1 Kommuneplan	4
1.2.2 Handlings- og økonomiplan	4
1.2.3 Kommunedelplan	4
1.2.4 Reguleringsplan	4
1.2.5 Temaplan.....	5
1.2.6 Handlingsplan.....	5
1.2.7 Strategi	5
2 Planbehov i Sunnfjord kommune.....	5
2.1 Sentrale utviklingstrekk og utfordringar	5
2.2 Utfordringar på regionalt nivå	6
2.3 Behov for revisjon av kommuneplan	6
2.4 Andre planbehov.....	6
2.5 Lovpålagte planoppgåver	7
3 Planstrategi for Sunnfjord kommune 2020 – 2023.....	8
4 Retningslinjer for planarbeid i Sunnfjord kommune	10
4.1 Organisering av planarbeid i Sunnfjord kommune.....	10
4.2 Oppfølging og gjennomføring av planar	10

1 Innleiing

Sunnfjord kommune er ein ny kommune som enno ikkje har vedteke overordna planar som t.d. samfunnsdel, komplett arealdel og større sektorplanar. Dette gjev oss utfordringar i kva vi skal styre etter, men det gjev oss også moglegheit til å definere kva vi faktisk skal prioritere. Ein planstrategi skal seie noko om kva Sunnfjord kommune vil og kva rolle kommunen skal ha i utviklingsarbeidet.

Dette er den første planstrategien til Sunnfjord kommune. Strategien skal vere eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte kommunen sitt behov. Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan, men skal vere retningsgjevande for kommunen si planlegging og har ingen direkte rettsverknad for kommunen sine innbyggjarar.

1.1 Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet



Figur 1 Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet

I planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2033 vart det lagt opp til at Sunnfjord kommune sin planstrategi skal utarbeidast samtidig med – og som ein integrert del av samfunnsdelen. Dette etter pbl. § 10 – 1, fjerde ledd. Grunna koronapandemien har planarbeidet blitt noko forseinka, og planstrategien vert derfor vedteke før kommuneplanen sin samfunnsdel er ferdigstilt.

Kommunal planstrategi skal utformast etter behovet i den ein skilde kommune. Det sentrale er at det skal ligge ei vurdering til grunn for prioriteringane av planbehovet. Denne vurderinga bør byggje på ei drøfting av kommunen sitt planbehov i lys av dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon. Ei utfordring i arbeidet med planstrategi for Sunnfjord kommune er at vi skal samordne og få oversikt over planar frå 4 tidlegare kommunar. For at sjølv planstrategien ikkje skal bli eit for omfattande dokument, har vi valt å utarbeide eit grunnlagsnotat til planstrategien der vi gjer ei grundig drøfting av planbehovet i Sunnfjord kommune. Dette grunnlagsnotatet er eit vedlegg til planstrategien.

1.2 Dei ulike plantypene

1.2.1 Kommuneplan

Kommuneplanen er det øvste styringsdokumentet i kommunen og kommunen sin viktigaste overordna plan. Den gjev langsiktige rammer for utvikling av kommunesamfunnet som heilskap og forvaltninga av arealressursane i eit 10-12 års perspektiv. Den består av ein samfunnsdel, ein arealdel og kommunen sin fireårige handlingsdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sin viktigaste overordna, strategiske og samordna plan. Den har ei viktig rolle som verktøy for ei berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medverknad. Samfunnsdelen skal peike på ynskt utvikling, og kva mogelegheiter og utfordringar vi står overfor. Samfunnsdelen skal gje føringar for arealdelen.

Kommuneplanen sin arealdel er juridisk bindande og styrer den langsiktige arealutviklinga. Den skal sikre at arealbruken i heile kommunen bidrar til å nå/byggjer opp under mål og strategiar i samfunnsdelen.

1.2.2 Handlings- og økonomiplan

Kommuneplanen sin handlingsdel er ein plan for gjennomføring av kommuneplanens samfunnsdel, og skal vise kva kommunen skal prioritere dei neste 4 åra. Økonomiplanen er også 4-årig og skal gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver. Ein samla handlings- og økonomiplan vil vise korleis dei ulike sektorane skal følgje opp kommuneplanen.

1.2.3 Kommunedelplan

Kommunedelplanar vert utarbeidd for bestemte område (areal) eller tema. Dei skal følgje opp utvalte mål i kommuneplanen sin samfunnsdel eller konkretisere arealbruken for eit avgrensa geografisk område. Dei har same juridiske status som kommuneplanen og det er krav om å følgje plan- og bygningslova sine føresegnar om planprogram og planprosess. Det er i tillegg krav om å ha ein handlingsplan med årleg rullering.

1.2.4 Reguleringsplan

Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av eit arealkart med tilhøyrande føresegnar om bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Alle forslag til planar etter lova skal ved offentleg ettersyn ha ei planskildding som skildrar planens sitt føremål, hovudinnhald og verknader, samt planens sitt forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området. Reguleringsplan kan utformast som områderegulering eller detaljregulering.

Områderegulering er ein kommunal reguleringsplan som vert brukt der det er krav om slik plan i kommuneplanen, eller kommunen finn at det er behov for å gje meir detaljerte områdevis avklaringar av arealbruken. Dette er nyttig når det er behov for å fastsetje overordna struktur i område, som vert bygt ut gjennom små, private detaljreguleringar. Områderegulering vert utarbeidd av kommunen, gjerne i samarbeid med private aktørar.

Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for eit avgrensa område, og er ofte knytt til konkrete utbyggingsprosjekt. Både kommunen og private kan utarbeide detaljregulering, men dette vert som oftast utarbeidd av private aktørar.

1.2.5 Temaplan

Temaplanar inneheld meir detaljert planlegging for eit avgrensa fagområde eller ein eller fleire sektorar, eller følgjer opp og utdjupar overordna mål og satsingar i kommuneplanen. Temaplanar følgjer ikkje prosesskrava i plan- og bygningslova. Temaplanar skal innehald mål og tiltak innanfor satsingsområdet.

1.2.6 Handlingsplan

Handlingsplan er definert som ein plan som berre omhandlar tiltak for oppfølging av ein vedteken strategi eller plan, eller deler av desse.

1.2.7 Strategi

Strategi skil seg ut frå plan ved at den ikkje har tiltak. Strategiane vil normalt vere meir overordna enn temaplanar fordi dei ikkje utviklar tiltak, og skal vise retning for ynskt utvikling.

2 Planbehov i Sunnfjord kommune

Det viktigaste arbeidet dei komande åra er å få etablert Sunnfjord kommune. For samfunnet Sunnfjord kommune er det viktig å byggje vidare på det vi la til grunn i intensjonsavtalen for samanslåinga. Kva skal vi ta med vidare og kva skal nye målsettingar skal vi ha?

For organisasjonen Sunnfjord kommune vil vi rette arbeidet mot visjonen og verdiane som er vedteken:

Visjon: ***Saman blir vi drivande gode***

Verdiar: **EIN** – engasjerte, inkluderande og nær

Det tar tid å byggje opp ein ny organisasjon, harmonisere tenestene og styre organisasjonen i ynskt retning. Omfanget av planarbeid bør derfor avgrensast i denne første kommunestyreperioden. Nokre planar er likevel viktige for å få den utviklinga vi ynskjer og nokre planar er styrt av sentrale føringar. Det bør likevel vere eit mål at vi fangar opp mest mogeleg i kommuneplanen sin samfunnsdel slik at vi reduserer omfanget av temaplanar.

2.1 Sentrale utviklingstrekk og utfordringar

Sentrale utviklingstrekk og utfordringar som har konsekvens for korleis vi vurderer planbehovet:

- Vi er ein ny kommune – det er krevjande å etablere ein ny kommune samstundes som vi skal ivareta den daglege drifta. Omfanget av planarbeid bør derfor tilpassast dette.
- Folketalsveksten flatar ut: Over tid har vi hatt ei negativ innanlandsk nettoinnflytting, og innvandringa frå utlandet går ned. Vi må styrke attraktiviteten og sikre at det er godt å bu, besøk og drive næring i Sunnfjord kommune.
- Endra alderssamansetnad: fleire eldre, færre yngre (0-15 år) og færre i yrkesaktiv alder
- Næringslivet har potensiale for vekst, men det blir ei utfordring å få tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse.
- Klima- og miljøutfordringar – vi må sjå klimagassreduksjon, klimatilpassing og berekraftig utvikling i samanheng.

- Auka globalisering, urbanisering og digitalisering
- Auka forventningar til kommunane – særleg innan områda omsorg, inkludering, næringsutvikling og stadutvikling
- Ein pressa kommuneøkonomi som avgrensar både kva vi kan investere i, men også kvar ressursane skal prioriterast.
- Vi må bidra til sosialt berekraftige samfunn – korleis ivareta dette i planarbeidet vårt?
- Sunnfjord kommune som regional drivkraft – kva rolle skal vi ha i Vestland fylke?

2.2 Utfordringar på regionalt nivå

Regional planstrategi : «Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024» skisserer følgjande utfordringar for fylket og regionane:

- Klimaomstilling: redusere klimagassutslepp og tilpasse busetnad og infrastruktur i høve fare for ekstremvær
- Balansert areal- og naturressursbruk: sikre eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster
- Gode transportsamband og smart mobilitet: oppretthalde god standard på fylkesvegar, betre interne transportsamband, trygge skulevegar, godt utbygd kollektivtilbod og auke attraktivitet til sykkel, gange og kollektiv
- Grøn konkurransekraft: innrette oss meir mot sirkulærøkonomi og bioøkonomi
- Digitalisering av samfunnet: korleis nytte teknologien slik at næringsliv, det offentlege og privatpersonar i heile fylket har like høve til å ta del i denne utviklinga.
- Relevant kompetanse og kunnskap: sikre betre samarbeid mellom arbeidsliv og utdanning, sikre påfyll av kompetanse.
- Attraktive stadar og gode nærmiljø: aktiv bustadpolitikk for å sikre eit inkluderande og aldersvenleg samfunn, universell utforming og gode møteplassar.
- Eit fornyande, profesjonell og frivillig kulturliv: sikre godt samarbeid mellom frivillige, profesjonelle og det offentlege.
- Eit likeverdig samfunn: aukande ulikskap og fleire born i familiar med vedvarande låg inntekt. Vi må trygge sysselsettinga, redusere økonomisk ulikskap, redusere den sosiale effekten av økonomiske skilnader og førebyggje utanforskap.
- Ungdom, trivsel og tilhøyre: vi må styrke den lokale tilhøyra til ungdom gjennom satsing på ungdomskultur, tilgang på utdanning og bustad.

2.3 Behov for revisjon av kommuneplan

Planstrategien skal ta stilling til behov for revisjon av kommuneplanen. Sidan Sunnfjord kommune er ein ny kommune, har vi ingen gjeldande kommuneplan. Planstrategien legg derfor opp til at det skal utarbeidast både samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen, og det er dette planarbeidet som vert prioritert høgast i planperioden.

I dette arbeidet må vi ta med oss det som er gjort i dei 4 tidlegare kommunane og kva som skal takast med vidare frå dei gamle planane.

2.4 Andre planbehov

Ein viktig del av arbeidet med planstrategien, har vore å få oversikt over kva ulike planar ein har hatt i dei fire kommunane. Dette har vore tidkrevjande, men naudsynt for å få oversikt over planbehovet.

Nokre av planane kan vidareførast slik dei er, og nokre må slåast saman til felles plan for den nye kommunen.

Tradisjonelt har mange planar vore utarbeidd med utgangspunkt i kommunale einingar. Vi ynskjer at dei fleste planane i Sunnfjord kommune skal vere tverrfaglege og meir retta mot dei utfordringane vi står overfor. På sikt er det ynskjeleg å redusere tal planar, samt å byggje opp ein struktur der alle planane nyttar samfunnsdelen som det overordna målbiletet.

Planstrategien syner den delen av plansystemet som blir vedteken politisk. I tillegg er det fleire planar i organisasjonen som vert vedteken administrativt. Til dømes vil dette gjelde einingane sine eigne handlings- og tiltaksplanar for å sikre iverksetjing av tiltak i organisasjonen.

2.5 Lovpålagte planoppgåver

Det er tre lovpålagte oppgåver som alle kommunar skal ivareta i kvar valperiode:

- Alkoholpolitisk handlingsplan (alkoholova)
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse med plan for oppfølging (sivilforsvarslova)
- Overordna beredskapsplan (sivilforsvarslova)

I tillegg er det eit vilkår knytt til tildeling av spelemidlar at anlegga det vert søkt midlar til, er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

3 Planstrategi for Sunnfjord kommune 2020 – 2023

Plan	Ansvar – sektor	Når skal planarbeidet starte				Plantype	Merknad
		2020	2021	2022	2023		
						K=kommuneplan T=Temaplan KD=Kommunedelplan R=Reguleringsplan HP=Handlingsplan	
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Kommunedir.	x				K	
Plan for bruk av skulane i Sunnfjord kommune	Skule	X				T	Pågåande
Plan for bruk av barnehagane i Sunnfjord kommune	Barnehage	x				T	Pågåande
Plan for omsorg - Leve heile livet	Tversgåande	x				T	Pågåande
Bustadsosial handlingsplan	Helse og omsorg		X			T	
Strategi mot barnefattigdom	Tversgåande			x			Strategi, ikkje plan
Plan for klimaomstilling	Tversgåande				x	T	Rullering
Ruspolitisk handlingsplan	Helse og omsorg	X				HP	Ferdigstilt
Ungdomsplan	Tversgåande			x		T	
Plan for kultur, inkludering og frivilligheit	Kultur, idrett og friluftsliv/helse og omsorg			x		KD	
Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Kultur, idrett og friluftsliv	X			X	KD	Ferdigstilt
Strategi for utvikling av Førdehuset	Kultur		X				
Trafikktryggingssplan	Teknisk og miljø	x				T	Pågåande
Vassressursplan	Teknisk og miljø			x		T	
Strandsoneanalyse	Teknisk og miljø		X			T	Kartlegging funksjonell strandsone. Grunnlag for arealdelen
Kommunalteknisk hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø	Teknisk og miljø				x		Rullering

Plan	Ansvar – sektor	Når skal planarbeidet starte				Plantype	Merknad
Strategisk næringsplan for landbruk	Teknisk og miljø		X			T	
Strategisk næringsplan	Kommunedir.				x	T	Rullering
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse	Kommunedir.	x				T	
Eigarmelding	Kommunedir.		X		X	T	
Overordna beredskapsplan	Kommunedir.	x					
Kommuneplanen sin arealdel	Kommunedir/ teknisk og miljø		X			K	
Sentrumsplan for Førde	Teknisk og miljø		X			KD	Føring i bystyresak 055/18. Kan vidareføre/ erstatte KDP for planmessig sentrumsutvikling frå 2005.
Områdereguleringsplan for Sande	Teknisk og miljø		X			R	Slutføre oppstarta plan
Områdereguleringsplan for Vevring	Teknisk og miljø	X				R	Meldt oppstart. Tilskot 500 000,-
Handlingsplan for aktivisering av offentlege rom	Teknisk og miljø/ Kultur				X	HP	Forprosjekt vert gjennomført i 2021
Parkeringsanlegg i Førde sentrum, reguleringsplan	Teknisk og miljø		X			R	Utgreiing vert gjennomført i 2020, finansiert av parkeringsfondet.
Kommunal reguleringsplan for Førdehuset med omkringliggande park- og idrettsanlegg, samt areal kring husmorskulen.	Teknisk og miljø				X	R	
Områdereguleringsplan for Skei sentrum					x	R	

4 Retningslinjer for planarbeid i Sunnfjord kommune

4.1 Organisering av planarbeid i Sunnfjord kommune

Planarbeid i Sunnfjord kommune skal organiserast som prosjekt. For kvart planarbeid skal det utarbeidast eit prosjektdirektiv som utdjuar mandat, organisering og ressursbruk, samt avklare kven som skal følgje opp planane etter vedtak i kommunestyret. Prosjektdirektivet må også synleggjere korleis ein skal sikre medverknadsprosessar i planarbeidet.

Prosjektdirektivet skal godkjennast av kommunedirektøren.

4.2 Oppfølging og gjennomføring av planar

For å sikre at planarbeidet vert starta opp i tråd med planstrategien, og for å sikre at planane får reell betydning, etablerer Sunnfjord kommune ei fast kommuneplangruppe som sikrar samordning på overordna nivå.

Denne gruppa bør møtast jamleg og ved behov for å gå gjennom status og framdrift på planarbeidet i kommunen. Vurdering av status vert etterpå handsama i kommunedirektøren si leiargruppe. Dei folkevalte skal involverast i planprosessane og skal vere løpande orientert om framdrift med løypemelding og problemnotat. Sunnfjord kommunestyre får statusrapport 2 gonger per år.

Kommuneplangruppa består av følgjande medlemar:

Eining	Stilling
Fagutvikling	Einingsleiar (leiar av gruppa)
Fagutvikling	Rådgevar folkehelse
Areal- og byggesak	Einingsleiar
Areal- og byggesak	Byplanleggar
Landbruk og miljø	Klima- og miljøkoordinator
Teknisk drift	Ass. Einingsleiar
Samfunn og næring	Einingsleiar
Samfunn og næring	Rådgevar